

Referat fra møte i Røldal fjellstyre

Frammøte: Ingebjørg Nordby Seim, Torleif Fresvik, Svein Myrheim og Håkon Sandal
Georg Gjøstein (sak 2/11)

Fråvær: Helleik Rabbe, Magnus Solbakken og Randi Legård

Tid: 16. februar 2010 kl. 1800 – 2130

Sak 01/11: Ingen merknad til innkalling
Godkjenning av protokoll – ingen merknad

Sak 02/11: HF – årsrapport og orientering
Georg Gjøstein la fram ei orientering om selskapet si drift og gjorde greie for utgiftsnivå. Den formelle driftsformen mellom SfH og HF kan verta endra til BA. Det vil tyda ei reduksjon i momskostnad for fjellstyra. Fjellstyra har ei tenestekjøpsavtale med HF fram til 2012. Det er 5-årige avtaleperioder.
Gjøstein nevnte at storsamfunnet no verdsett fjellstyrearbeidet med eigen post i statsbudsjettet. Han teikna og eit bilet av statsallmenningen og behov for oppsyn. Vidare gjorde han styret merksamd på at endringar i reglar for jakt og fiske skal på kommunal høyring. Årsrapporten syner at Hardangervidda fjellopsyn stort sett gjer kontorarbeid for fjellstyra, berre Eidfjord og Røldal har prioritert oppsyn.
Tenestekjøp 2011: Då me har fleire brannmenn i styret, tek me feiinga sjølv. Me treng oppsyn under småviltjakta på Haukeli og ettersyn med at fiskarar (E-134) har fiskekort. Oppsynet skal liggja innanfor oppsette prisrammer. Info.arbeid på Tinnhølen har me lite glede av.

Sak 03/11: Generalforsamling – Røldal gren dahus
Fjellstyret deltek i målingsdugnaden med tilgjengeleg mannskap.

Sak 04/11: Fiskeregler
Alle må løysa fiskekort.
Uravatnet: Fritt fiske heile året
Øvre- og nedre Hellevatnet: Frå 1. juli og ut storviltjakta – reglar står på kortet. Innanbygd kan fiska med inntil 10 garn og oter.
Ståvatnet: Uendra
Isfiske er tillate på Røldal statsallmenning.

Sak 05/11: Hytter og stolar
Hellevatnet: Nok gass og ved, søppel ut – ansvar: Torleif / Håkon
Ninive: Nok ved og gass, søppel ut – ansvar: Ingebjørg
Vaskedugnad i Gamlebua – sommaren 2011

Stølane må lysast ut, ny periode

Sak 06/11: **Samarbeidsmøte**

Torleif ønskjer eit samarbeidsmøte mellom alle fjellstyra på Hardangervidda for å få til ein best mogleg fellingsprosent. Vårmøtehelga 1. – 2. april kan vera aktuell møtetid. Torleif organiserar.

Sak 07/11: **Jakt – samjakt og fordeling av jaktløyve**

Samjakt mellom allmenningen og private grunneigarar i Røldal vart drøfta. Fordeling av jaktløyve på rein, kvotestorleik for innanbygdsbuande og evt. å selja ein del av kvoten til andre fjellstyre.

Vedtak i saken utsett til neste møte.

Sak 08/11: **Medlem av marknaden**

Marknaden er sett saman av friviljuge lag og organisasjonar. Fjellstyret er eit politisk valt organ som skal forvalte statsallmenning. Me ser det ikkje naturleg å delta som medlem.

Med deltek med stand, sannsynlegvis saman med SNO.

Sak 09/11: **Skriv og meldingar**

DN – høring – revisjon av forskrift

HF - årsrapport

Røldalsmarknaden – invitasjon til deltaking

Øvre Nummedal fjellstyre – møtebok

Røldal Grendahus – representantskapet, møte 23. 2.11 kl. 1900

Buskerud fylkeskommune – høring og offentlig ettersyn av regional plan for Hardangervidda

Helleik Rabbe – søknad om samjakt

Sak 10/11: **Moglege andre saker**

Nytt møte 16. mars kl. 1800- saker:

- høyring regional plan, saksdokument: www.fylkesdelplan-hardangervidda.no
- samjakt og fordeling av kort
- prisar
- evt. andre saker

Referat frå møte i Røldal fjellstyre

Frammøte: Ingebjørg Nordby Seim, Torleif Fresvik, Helleik Rabbe, Magnus Solbakken og Randi Legård

Tid: 16. mars 2011 kl. 1800 – 2200

Sak 11/11: Ingen merknad til innkalling
Godkjenning av protokoll – ingen merknad

Sak 12/11: **Høyring på regional plan for Hardangervidda**
Røldal fjellstyre har fylgjande merknader til planen som omhandlar vårt nærområde og definisjonsgrad. Me meiner at kategoriene bør liggja så nær opp til røynda som råd. Planen bør etter vår mening ikkje vera noko glansbilete, men speglar situasjonen i dag. Det er det som bør vera grunnlaget for vidare forvalting.

1. Omdefinering av Bråstølsområdet til kategori E : fjell – og fjordbygd då det er fast busetjing på 2 gardar der. Dette kan samanliknast med bygdene rundt Møsvatn.

Einstemmig vedteke

2. Omdefinering av austsida av E-134 frå Peparsteinen (tunellinnslag) til fylkesgrensa mot Telemark til kategori D: stølsområde – då det er aktiv støling på fleire stølar. I dag er dette sjeldant. Det gjeld å ta vare på dessa miljøa og om ynskeleg fornya bygningsmasse og aktivitet.

Einstemmig vedteke

3. Omdefinering av areal som ligg under 1000 m.o.h utanfor nasjonalparken i Valldalen, Austdal og Grøndalen til: kategori D - stølsområde, då det er tradisjonelle stølsområde som har vore nytta til støling inn i moderne tid.

Vedteke mot 1 stemme

Sak 13/11: **SfH- møter og vårmøte, Geilo – 1.-2. april**
SfH - sakliste for møte og årsmøte diskutert
Vårmøte – sakliste
Heile styret deltek

Sak 14/11: **Jakt – storvilt**
Fellesmøte med dei andre fjellstyra om jaktsamarbeid. Ansvar: Torleif Samjaktsavtale med Odda / Ullensvang. Ansvar: Torleif Samjakt mellom Røldal fjellstyre og HA 290 / HA 300:
- gjensidig samjakt med innanbygdsjegarar med kort på statsallmenninga
- kort som HA 300 / HA 290 har selt til utanbygdsjegarar har samjakt aust til turiststien på statsallmenninga som går nord/sør gjennom Buadalen.

Fordelinga av kort vert gjort når kvote føreligg

- Sak 15/11:** Fiske
Stongfiskekortet vert uendra.
Garnfiske:
Uravatnet – fritt fiske heile året
Øvre- og nedre Hellevatnet – fiske frå 1. juli og ut sept. Det kan nyttast 10 garn med 20 omfar maskevidde. Oter er tillete. Innlandsfiskerenemda vert informert. Ansvar: Ingebjørg
- Sak 16/11:** Priser 2011
Prisar på fiske, småviltjakt og storviltjakt vert uendra
- Sak 17/11:** Sau i Hellevatnet
Jan Øvregård har observert sau i Hellevass, noko som gjev konflikt med reinjegarane. Fjellstyret leigar ikkje ut beite, så det er sau frå andre beite som kjem inn. Henvendinga går vidare til beitelaget. Kontakttelefon kan vera ein ide. Ansvar: Helleik
- Sak 18/11:** Røde Kors – gamlebu i påsken
Røde kors har base for påskeverksemd i hytta. Dei har med ved og gass sjølve.
Me gjer merksam på lekkasje rundt pipa. Lekkasjen er planlagd utbetra.
- Sak 19/11:** Økonomi
No er skadeoppgjerset frå Gjensidige kome.
Me manglar fortsatt oppgjer frå Statskog og Vågslid Grunneigarlag (alt) i samband med ørkyteprosjektet i Ståvatnet. Ansvar: Ingebjørg
- Sak 20/11:** Moglege andre saker
Statskog har midlar for tiltak mot barn og unge. Jakttiltaka våre kan vera grunnlag for ein søknad. Ansvar: Torleif

Referat fra styremøte i Røldal fjellstyre

Frammøte: Ingebjørg Nordby Seim, Magnus Solbakken, Helleik Rabbe, Torleif Fresvik, Randi Legård

Tid: 5. mai 2011 kl. 1800 - 2000

21/11: Godkjenning av innkalling og møteprotokoll – ingen merknad

22/11: **Fjellhelg**

Røldal Reiselivslag arrangerar Fjellhelg – 28.- 30. oktober 2011

Fjellstyret arbeider med å få til eit foredrag om rein/forvalting e.l
Ansvar: Torleif

23/11: **Hyttene – nedvask og tilsyn**

Vaskedugnad – ”Gamlebua”. Det må vaskast og ryddast grundig.

Når: 28. – 31. juli 2011

Kven: Torleif, Magnus, Helleik, Ingebjørg

Dugnad – Ninive; reperasjon av vindskieier og beising. Material er kome inn.
Helleik organiserar arbeidet.

24/11: **Betaling – overnatting og boksleige 2010**

Torleif sjekkar hyttebok i Hellevatnet, Helleik på Ninive.

Innbetalingblankettar sendast ut.

System for 2011 og framover – det vert lagd ut innbetningsblankettar i
hyttene, samt delt ut på kortutdelinga. Alle som bur på hyttene skal skriva
seg inn i hytteboka.

25/11: **Nyklar til hytter og båtar**

Det er sett nye låsar på hytter og båtar med systemnøklar.

Kwart fjellstyremedlem låner ut nøklar. Det kvitterast for ut- og innlevering.

Alle må leggja båtane attende på plass å låsa.

Etter utlån skal nøkkelen leverast umiddelbart attende.

Under jakta står hyttene opne. Dei som bur i hytta skal vaska og rydda etter
seg.

26/11: **Kvote – villrein**

Det vert høve til å søkja både nord og syd for RV 134 for same jegar.

Eksakt kvote foreligg ikkje – fordeling vert på neste møte.

27/11: **Villreinjakta**

Tid: 20 august – 30. september kl. 0700 – 1900

Overføring av kort er tillete

Refundering av kort fell bort

Ungdomsjegarar – 16 og 17 år, får 1 simlekort gratis. Det er krav om følge med tilsynsjegar.

- 28/11: **Stand – Røldalsmarknaden**
Me deltek og i år saman med SNO om stand på Røldalsmarknaden. Det er kun Reidar som kjem frå SNO, så heile fjellstyret må ta vakter og hjelpa til.
- 29/11: **Økonomi**
Overnatting og boksleiga for 2010 manglar, stølsleigene kjem i juni.
Regneskap for 2010 ventast frå rekneskapførar.
- 30/11: **Evt. andre saker**
Info – generalforsamling i HF: 21. juni på Halne
Fiskekort skal til Haukeliseter, Texaco og Turistinformasjonen.
Det er sendt søknad om utvida jakt på fiskemåke på Røldal statsallmenning til fylkesmannen i Hordaland.
Ørkyte på Haukeli – DN arbeider med ein plan for uønska artar. Det vert ei forvaltingsoppgåve for dei.

Ref. Ingebjørg

Ingebjørg N. Seim
Toref Tronh. Margrete Solbakk
Helleb. Rekke
Randi T. Legård

Referat frå styremøte i Røldal fjellstyre

Frammøte: Magnus Solbakken, Helleik Rabbe, Randi Legård, Torleif Fresvik og Ingebjørg Nordby Seim

Tid: 19. juni 2011 kl. 1730 – 1930

Sak 31/11: Søknad om utvida jakt på fiskemåke

Fylkesmannen i Hordaland avslår søknaden fordi fiskemåka er ei utrydningstruga art

Sak 32/11: Samjaktsavtaler

Ullensvang statsallmenning – HA 281/HA 282; informasjon om geografisk område, tidsrom og jaktag vert gjeve på utdelingsdagen.
HA300 – får samjakt på same vilkår som HA290

Sak 33/11: Generalforsamling, HF

Det vert generalforsamling på Halne fjellstoge 21. juni 2011
Sakliste vart gjennomgått
Magnus reiser

Sak 34/11: Jakt- og fjellhelg, 28. – 30. okt

Olav Strand har sagt seg villig til å halda eit foredrag om forvaltning av villreinen. Tid: 29. oktober – ettermiddag kl. 1400 eller 1500

Sak 35/11: Regnskap, 2010 – Røldal fjellstyre

Regnskap for 2010 vart lagt fram og gjennomgått og godkjent.
Årsmelding vart og lagt fram og godkjent.

Sak 36/11: Dugnad - Gamlebua

Det må gjerast mykje i Gamlebua; rydda, vaska, måla m.m
Tid: ca.19. juli – 21. juli
Mannskap: Torleif, Magnus, Randi, Ingebjørg – kan nokre vararep. vera med?

Sak 37/11: Villreinjakta 2011

Kvoten har ikkje kome, men grovt rekna vert det ca. 210 dyr
Jakttida er f.o.m 20. august t.o.m 30. september. Det er nattefreding frå kl. 1900 til kl. 0700.
Det vert høve til å danna jaktag på inntil 5 personar

Innanbygds ungdom (16 – 17 år) får 1 simle gratis, naudsynte papir må forevisast. Kortet er personleg og kan ikkje overførast til andre. Det kan berre nyttast i saman med tilsynsjegar. Jaktlag ikkje tillete.

Ingebjørg N. Seim

Referat frå styremøte i Røldal fjellstyre

Frammøte: Magnus Solbakken, Helleik Rabbe, Randi Legård, Torleif Fresvik og Ingebjørg Nordby Seim

Tid: 20. juli 2011 kl. 1800 – 2130

Sak 38/11: Fordeling av villreinkvote – 2011

Syd: 5 dyr – 3 jegerar: 1 bukk, 1 S/U + kalv og 1 simle + kalv

Nord: 207 dyr + 2 frå Svandalsflonaterrenget – 31 bukk, 115 S/U og 63 kalv

Etter en lang diskusjon med stor usemje vart kvoten fordelt:

Ungdom – 1 S/U

Innanbygds: 1 bukk + 1 S/U eller 2 S/U + 2 kalv eller 2 S/U+ 1 kalv (fordelt etter trekking)

Utanbygds: 1 S/U + 1 kalv

Røynsler frå jakta skal drøftast etter at jakta er avslutta

Sak 39/11: Utdelingsdag

Det vert delt ut kort **Søndag 7. august kl. 1800**

Dei som ikkje tek imot kort må gjeva melding før 5. august 2011

Sak 40/11: Dugnad – Gamlebua / Ninive

På grunn av for mykje nedbør vart arbeidet utsatt på gamlebua. Dersom veret vert betre tar me turen på kort varsel.

Helleik organiserar arbeidet på Ninive.

Referat frå styremøte i Røldal fjellstyre

Når: Fredag, 4. november 2011 kl. 1800 - 2100

Frammøte: Magnus Solbakken, Ingebjørg N. Seim, Torleif Fresvik, Håkon Sandal, Randi Legård

Fråvær: Helleik Rabbe

41/11: Godkjenning av innkalling og møteprotokoll - OK

42/11: Fjellhelg – fjellstyret hadde avtale om foredrag om villreinforvaltning med Olav Strand. Han kom ikkje til avtalt tid, så både foredrag og diskusjon blei noko avkorta. Foredraget vart helde på Garasjen med godt oppmøte.

43/11: Villreinjakt – felling; *Nord:* bukk – voksen - 8, 1½ år – 6, kalv – 1

Simle – voksen – 10, 1½ år – 1

Totalt: 26 - 12.1 % felling

Syd: 2 simler – 40 % felling

Mest alle korta er kome inn og sendt vidare. Antakeleg er berre eit dyr felt på eigen statsallmenning. Uhyre lite dyr og dermed jakt på Vestvidda. Det kan skyldast jegerkonsentrasjon og grensejakt i nokre område. Turist-trafikk som gjev endra beitemønster og verlag vart og nemnt som moglege årsaker.

Som tiltak for framtidig jakt vart samarbeid fjellstyra imellom som samjakt på vekedagar, freding – dagar/veke. Det vart og stilt spørsmål ved bruk av moderne kommunikasjon som gjev jegeroppføring.

44/11: Betaling 2011, boksar – dei som ikkje har betalt får ny påminning
overnattning – det vert sendt ut krav

45/11: Nyklar, kven – fjellstyremedlem – 10 stk.

fjelloppsyn – 9 stk.

Ellen Drangevåg - 1 stk.

Dette er systemnøklar som ikkje kan kopierast. Dei er dyre i innkjøp og må takast godt vare på. Låsing av båtar vart diskusjon og flytting av båt frå Nekkos til Eriksbu.

46/11: Hyttene; Eriksbu: Det er 5 sekker ved og ½ fl. gass att. Det må ny haspe på glas mot vest.

Gamlebua: Her er 6 sekker ved og 1 fl. gass att. Det må inn uimpregnert kledning, asfaltplater og anna utstyr slik at syd og austveggen kan restaurerast.

Hellevass i vinter - 20 sekker ved
 - 3 fl. gass à 11 kg
 - 2 brannvarslar + batteri
 - Materialer til Gamlebua

Ninive: Det er 4 sekker ved og 1 uopna fl. gass

47/11: Bygging av ny stol ved skyttarhytta

Jan Hasselmo ønskjer å byggja ny stol ved skyttarhytta. Han er utanbygdsbuande og har ikkje krav på å få utvist stol på statsallmenningen jfr. § 6 i fjell-lova. Det er Statsskog som evt kan fråvika lova ved særskilte høve. Fjellstyret ser stølinga på Haukeli som ein kulturskatt og ønskjer at ho og skal halda fram. Me har og andre brukarar i området som det må takast omsyn til. Saken sendast over til grunneigaren Statsskog for uttale.

48/11: Ny organisjonsmodell for fjellstyra på Hardangervidda

Det er kome utkast til ny organisasjonsmodell for fjellstyra på Hardangervidda. Fjellstyra på vestsida er kalla inn til orienteringsmøte 9. november der dagleg leiar G. Gjøstein orienterer. Ei høyringsuttale vert utsett til etter dette møtet.

49/11: Haustmøte – Kinsarvik, 2. – 3. desember 2011

Fredag: styremøte i SfH kl. 1200 og ekstraordinært årsmøte ca. kl. 1600
Laurdag: fellesmøte kl. 0900 med ulike tema knytt til jakt og forvalting
Magnus, Torleif, Randi og Ingebjørg reiser

50/11: Merking av sti – Haukeli

Det er kome førespurnad frå DNT om å få merka løype frå Nupshadlene til grensa mot Telemark. I dag går turistane her langs E 134. No vil DNT merka langs vegen forbi Midtfjellsollen, vidare langs ”Pilgrimsvegen” fram til bruua over Nupselva. For vår verksemeld i området er dette upproblematiske.

Referat frå styremøte i Røldal fjellstyre

Når: Onsdag, 16. november 2011 kl. 1900 – 2100

Frammøte: Magnus Solbakken, Ingebjørg N. Seim og Ellen Drangevåg

Fråvær: Helleik Rabbe, Randi Legård og Torleif Fresvik

Sak 51/11: Omorganisering av SfH og Hardangervidda fjelloppsyn

Fjellstyret har motteke høringsdokument frå styre i SfH om samanslåing av selskapa. Det er mykje dobbelt arbeid med to organisasjonar, dessutan er det penger å spara på moms på refusjonsmidlar som kjem frå Statskog. Alle involverte partar har gjeve uttale i saken. Det er ikkje kome innspel som gjev grunnlag for juridisk tvil eller liknande. Drifta og oppgåvene vert utført som før, men med ein organisasjon.

Røldal fjellstyre har gått grundig igjennom sakskart og vedtekter for den nye organisasjonen. Det er ingen merknad til modellen.
Samrøystes vedteke.

Sak 52/11: Sakliste for møter – SfH og ekstraordinær generalforsamling for HF a/s Sakskarta vart gjennomgått og diskutert.

Biblio tel